

Lindås kommune
v/Astrid Namtvedt Sylta
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassifisering	
30. 01. 2015	
Ark. saksnr. 15/394	Løpenr.
Saknr.	tilgangskode

Myksvoll 28 januar 2015

Ny barnehage på Myksvoll

Vi er tre damer som ynskjer å starte opp barnehage i bygda frå hausten 2016.

Frå hausten 1995 var det ein familiebarnehage i bygda som stort sett dekkja behovet for barnehageplass, sjølv om det i periodar hadde vore behov for ein endå større barnehage. Hausten 2014 vart denne barnehagen lagt ned delvis på grunn av lågare barnetal. No kan det sjå ut som det er ei endring i barnetalet, og om denne utviklinga fortset vil vi starte opp igjen med barnehage på Myksvoll. No når skulen på Feste også er nedlagt, ser vi det som viktig at bygda kan ha ein barnehage slik at barna slepp å reise langt allereie frå dei er ett år.

Vi har vore i kontakt med styret for bedehuset, og dei er positive til at bedehuskjellaren kan nyttast til barnebhage. Det har vore synfaring på huset frå kommunen og dei har gjeve løyve til å drive barnehage her med små utbetringar.

Store delar av dagen er det området i og rundt skogen vi vil bruke. Her har vi allereie opparbeida ein fin plass med lavo, tre, klatrebakke, potet/grønnsaksåker o.l. Vi har dessutan mange fine områder i nærleiken som vi tenkjer å bruke til turar og friluftssatsing, både på fjellet og ved sjøen.

Barnehagen vil bli dreven etter lov om barnehagar, og vi vil være ein fagleg sterk barnehage der vi håpar på eit godt samarbeid med Lindås kommune. Satsingsområde vil bli natur og friluft, og språk. Vi ynskjer at barna skal få eit nært og godt forhold til naturen og alt den har å by på, og samstundes få eit ynskje om å ta vare på den. Språk er også eit av fleire viktige områder som vi ser, og har erfart er svært viktig å fokusere på.

Vi er tre damer som har mange års erfaring i barnehageyrket. Ei er utdanna barnehagelærer med vidareutdanning i spesialpedagogikk, ei er barnepleiar og ei er barne- og ungdomsarbeidar.

Ynskjer at de i kommunen skal ta med dette i den nye barnehageplanen då vi vil være med å skape "Framtidas barnehage".

Vennleg helsing

Åse Myksvoll Sæbø
Tlf: 48275969

Ingeborg Myksvoll
Tlf: 93054876

Ingunn Heggheim Neverdal
Tlf: 93685770

Åse Myksvoll Sæbø Ingeborg H.P. Myksvoll

Ingunn H. Neverdal